

FLORA TURLAG

ÅRSMELDING 2019



Flora Turlag (FT) er tilslutta Sogn og Fjordane Turlag (SFT) som er ein av medlemsforeiningane i Den Norske Turistforening (DNT). Flora Turlag sitt medlemsområde er Flora kommune, og utøvar sitt arbeid i Flora kommune.

Formålet er å være den leiande formidlar av eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvennleg friluftsliv, samt jobbe for ivaretaking av friluftslivets natur og kulturgrunnlag.

Flora Turlag har i 2019 kunne tilby medlemmer og ikkje- medlemmer tilgang til tre ubetjente hytter. Hyttene er utstyrt med dyner, puter og kokeutstyr, men er utan proviant.

Flora Turlag arrangerer fellesturar og kurs, og legg til rette for merking av utvalte turområder.

Flora Turlag gir uttale i naturvernsaker og til kommunale planar.

STYRET 2019


Leiar:	Heidi Humlestøl Aasen – (1 år - nyval)
Styremedlem/Nestleiar:	Anders Myklebust - (2 år - nyval)
Styremedlem:	Siv Grov – (2 år – nyval)
Styremedlem/sekretær:	Karen Sæten Nilsen – (2 år - ikkje nyval)
Styremedlem:	Arnfrid Bergheim – (2 år - nyval)
Styremedlem /Kasserar:	Sunniva Geithus – (2 år - ikkje nyval)
Varamedlem:	Jens Batt-Jansen – (1 år - nyval)
Varamedlem:	Kari-Anne Melvær Strømmen – (1 år - nyval)
Revisor:	Marianne Sundal – (1 år - nyval)
Valnemnd:	Dag Eliassen – (2 år - ikkje nyval)
	Siv Merethe Stadheim – (2 år - ikkje nyval)
	Sissel Strømmen – (2 år - nyval)

MEDLEMSTAL

Flora Turlag har to æresmedlemmar: Astrid Breiland Eliassen og Kjartan Tveranger.
Per 2019 er medlemstala **907**. Noko som vil sei at vi har gått ned 26 medlemmar frå i fjor.

Medlemmar	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009
Hovudmedlemmer	369	380	360	372	341	311	300	290	271	245	224
Husstandsmedlemmer	106	57	115	127	112	103	93	88	70	62	62
Student-/skolemedlemmer	36	40	38	42	37	33	35	37	11	29	17
Honnørmedlemmer	84	74	62	50	45	42	39	34	32	18	14
Barnemedlemmer	39	69	61	75	63	44	51	46	39	33	27
Livsvarige medlemmer	5	5	6	6	6	7	7	7	7	6	6
Familemedlemmer	67	120	28								
Familie - husstadsmedlemmer	201	188	95								
Totalt	907	933	765	672	604	540	525	502	456	393	350

Medlemsutvikling 2009 -2019



MØTER OG STYREARBEID

Styret har hatt sju møter i 2019. Hovudfokuset i tillegg til Handlingsplanen 2019 har vore skulehuset på Kinn med bakgrunn i at leigeavtalen med Kinn Sokneråd frå 2014 var utgått. Skulehuset på Kinn er frå tidlegare av omtala som ei av hyttene i turlaget sin portefølje og er dermed del av vedteken hyttestrategi frå Årsmøtet 2017. Flora Turlag har saman med Kinn Sokneråd lagt ned fleire timar dette året i tru på å finne den optimale løysinga for skulehuset. Årsmøtevedtaket frå 2017 legg føringar om leige eller eige.

Blåbrebu og Gjegnabu har vore gjenstand for store mengder med dugnadstimar, medan Grytadalsbu har vore stengd i påvente av avklaringar med grunneigar.

Turlaget har halde fram med midtveke- og helgeturar, samt kajakkpadling. Sum summarum kan ein sei deltakinga har vore god.

Ved Turleiarsamling i mars var det presentasjon styret og organisasjonen, gjennomgang aktivitet for 2019, risikovurdering og beredskapsplan.

I 2019 blei det arrangert to ambassadørkurs. Eit i april og eit i oktober.



Her ser vi styret per 2019 (f.v.): Karen Nilsen, Heidi Humlestøl Aasen, Anders Myklebust, Siv Grov Krogen, Sunniva Geithus, Arnfrid Bergheim og Jens Batt Jansen. Kari-Anne Melvær Strømmen mangler.

Sogn og Fjordane Turlag

På årsmøtet Sogn og Fjordane Turlag på Skei deltok Siv Grov, Kari-Anne Melvær Strømmen og Arnfrid Bergheim.

På DNT sin utdanningskonferanse i Myrkdalen / Voss med tema ”Sikkerhet og kompetanse i fjellet” deltok Anders Myklebust.

Anna

Vi har fått oss Vipps konto. Dette gjer det enklare å betale på hyttene våre, noko vi såg igjen i årsrekneskapen. Nummeret er 554905.

Vi har også gjort avtale med eit profesjonelt reknskapsfirma, Progresso. Dette har fungert fint.

TURAR/PROFILERING/AKTIVITETAR

Her ser vi ein tabell som viser totalt av turar frå 2013 til i år.

	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013
Totalt tal avvikla turar/arrangement inkl. BT-turar og tysdags- og onsdagsturar	119	114	104	107	109	136	91
Av disse gjennomført	29	22 (8 avlyst)	13	13	11	47	18
• Helgeturar/andre arrangement/OPPTUR	(15 avlyst)		(9 avlyst)	(12 avlyst)	(8 avlyst)	(15 avlyst)	(8 avlyst)
• BT arrangement	3	5	6	9	14	10	9
			(4 avlyst)	(1 avlyst)			(1 avlyst)
• Måndagsturar (nytt namn 2019)	20	10	19	11			
		(2 avlyst)					
• Tysdags- og onsdagsturar	21	27	22	33	40	39	42
	(1 avlyst)	(4 avlyst)	(1 avlyst)	(9 avlyst)	(2 avlyst)	(3 avlyst)	(5 avlyst)
• Torsdagsturar (Senior)	38	39	38	39	40	37	18
			(1 avlyst)				
• FHF turar/kurs/arr/kajak *	8	11	6	2	4	21	4
		(5 avlyst)	(4 avlyst)				
• Deltakarar:							
Vaksne helgaturar/BT	199	365	452	201	172	554/46	188/429
Måndagsturar	135	100	205	255			
BT – Barnas Turlag		500	194	1010	1175	1150 b/v*	15/447
OPPTUR	175	160	160	160	170	170	170
Tysdags- og onsdagsturar	239	252	222	370	368	405	453
				(derav 13 barn)	(derav 7 barn)	(7 barn)	(14 barn)
Torsdagsturar (Senior)	538	475	405	357	344	274	126
FHF / Kajak*	143	100	101	9	21	21	31
Totalt	1429	1947	1739	2362	2250	2627	1873

* Kajak har i 2019 blitt eiga turgruppe: Onsdagspadling. Tala gjeld kun denne gruppa då Flora Hav og Fjellspportgruppe ikkje har hatt aktivitet i år.

Turane/arrangementa har som vanleg vore med i SFT sitt Turprogram som vert sendt til heile fylket i februar, inkl. BT arrangement og FHF arrangement (utanom tysdags-, onsdag- og torsdagsturar). Turane har vore gjort kjent på [nettsida til Flora Turlag](#) samt via Facebook. Kvar veke vert det sendt ut e-post om den kommande veka sin aktivitet. Det har vore jobba svært systematisk med å legge ut kort rapport og eit par bilde i etterkant av gjennomført tur. Dette er eit svært viktig arbeid for synleggjering og inkludering.

Flora Turlag var og omtalt i turavisa til Sogn og Fjordane Turlag som også går til alle husstandar i Sogn og Fjordane.

BARNAS TURLAG

Sunniva Geithus er ansvarsperson for denne gruppa. I desember 2018 hadde Barnas Turlag årleg grautfest saman med Jomentum.

22. juni og ved Kinnaspelet er det uvisst kor mange som deltok, men i tillegg til lokale deltakarar hadde vi med gjestar frå Førde og Bergen. Ane Eliassen hadde ansvaret. Dei unge turleiarane (9 og 7 år) syntes det var stas med ein tur der dei fekk avgjere både tempo og pausar.

Barnas Turlag deltok på Kystdagen til 4H sjølv om dette ikkje er registret som FT-arrangement. Hovdendagen blei dessverre avlyst på grunn av været. Ane Eliassen stod som ansvarleg.



KOM DEG UT DAGEN

Kom Deg Ut dagen er ein nasjonal turdag i regi av DNT. Det er Astrid Breiland Eliassen som var ansvarleg for dagen. Dagen skal styrke kjennskapen til turlaget sitt kjernetilbod og gjennom det auke deltakinga i friluftsliv blant alle aldersgrupper.

Kom Deg Ut dagen – vinter

3. februar var det Kom deg ut dag på ski. Saman med Frivilligsentralane inviterte Barnas Turlag i Flora og Naustdal til vinteraktivitetar. Sissel Strømmen var ansvarleg.

Kom Deg Ut dagen – haust

Kom deg ut dagen 1. september gjekk heller ikkje som tenkt. Bål til matlaging var klargjort på både Eikefjordstøylen og Hovlandsstøylen, men grunna regn var stiane sleipe og glatte, og familiar med barn valde å snu ned igjen.

OPPTUR

Flora Turlag og DNT skipa for 14. gong OPPTUR for 8. klassingane. Det var 152 elevar og 23 vaksne på Brandsøyåsen denne dagen. Flora Vidaregåande skule, klasse 2HAA, arrangerte aktivitetar og natursti ved Storevatnet. Torsdagsturgruppa delte ut frukt ved Torvmyrane skule. Arrangementsansvarleg alle desse 14 åra er Astrid Breiland Eliassen.



Oppturgjengen samla på toppen av Brandsøyåsen! Foto: Arnfrid Bergheim

MÅNDAGSTURAR

Laila Anita Schönhardt er ansvarsperson for denne turgruppa som starta opp i byrjinga av mars. Det er turar i nærområdet og passar for alle. Vi har gått mykje på stiar kryss og tvers i Storeåsen, men det er også blitt eit par turar til Sørstrand/Brendøya, samt til Fagerdalen. Det er fast oppmøte ved Omsorgssenteret og dette har fungert bra. Vi har vært mellom tre og 16 deltakarar på turane.

TYSDAG- OG ONSDAGSTURAR

Astrid Breiland Eliassen er ansvarsperson for denne turgruppa. Tysdags- og onsdagsturar går vekselvis i vekene frå første onsdag etter påske og ut september. Nokre av turane har vore tematurar eller hatt kjentmann med. Turane blir spredt rundt i tuområdet som står i Turboka og vi prøver å få med nye turmål og turtrimmål. Signe Nordvik hadde ansvaret for dei 9 øy turane og Astrid Breiland Eliassen hadde ansvaret for 12 landturar.

TORS DAGSTURAR

Trygve Nybø er ansvarsperson for denne turgruppa. Dette er turen som aldri blir avlyst, der deltakarane møter opp uansett vær og gleder seg over å komme ut. Alle er spente på dagens turmål som alltid blir bestemt same dagen.

Turleinga forsøker å variere turmåla så godt som mogeleg, sånn at gjentakelsane ikkje blir for hyppige. Nye turdeltakarar frå Eikefjordområdet har brakt med seg kunnskap om nye turar, og gammal kunnskap frå området som gir fornya glede over turane. Deltakinga held seg stabilt god, sjeldan færre en 10 deltagere og snitt på godt 14.

Torsdagsturane var også presentert i Turkatalogen sommarturer 2019 til DNT. Astrid og Arnfrid presenterte og delte ut katalogen på Kiwi i mars.

FLORA HAV – OG FJELLSPORT

Kjetil Høidal er ansvarsperson for denne turgruppa. Det har pr. 2019 ikkje vore aktivitet.



Tysdag - og onsdagstur på Fløgen. Foto: Terese Eikefjord

ONSDAGSPADLING

Kari-Anne Melvær Strømmen er ansvarsperson for denne turgruppa.

Denne sesongen har vi valt å prøve ut fleire nye turmål for padlegruppa. Heile 5 gonger har vi pakka hengaren vår, og tatt med kajakkane på tur. Det har vore veldig populært, og kjekt å prøve ut nye områder. To gonger har vi tatt hengeren med på rutebåten, ein til Fanøya og ein til Askrova. Elles har vi vore rundt Grønenga, til Stakaldeneset og i Nordalsfjorden. Florø har så mange fine plasser for kajakkpadling!



Onsdagspadling på årets siste tur. Foto: Tine Holvik/Jan Midtbø

Kajakkmiljøet er i vekst, og vi har mange faste deltakarar på turane, og dei kjem både frå Førde og Bygstad for å vere med.

Antall deltakarar på padleturane har auka kvart år, og turlaget sine kajaker har vore i bruk på alle turane våre, det er veldig kjekt!

HELGETURAR

Astrid Breiland Eliassen er ansvarsperson for denne turgruppa. Været har i år gjort at mange av helgeturarane måtte avlysast. Vi har møtt dårleg vær og mykje regn, noko som gjer at folk ikkje møter opp. Det er også ikkje alle turane som er greie å ta på grunn av mykje vatn i elvar. Tåketurar er heller ikkje særlig kjekt. Vi har heller ikkje hatt mykje snø, så det blei to kombinerte ski og trugeturar.

Øyane Over var som vanleg fullt opp med eit par på venteliste. Nipenatt blei dessverre avlyst på grunn av været. Hovdendagen blei også avlyst, men den var også sett opp att for å prøve ny dato. Men været ville ikkje då heller. Stølsvandring som var ny tur gjekk i regn. Den nye turen til Gløsen gjekk i flott område.

SIKKERHEIT

Som alltid har sikkerheit vore i fokus, og vi har ikkje hatt nokon personskadar i 2019. Det er utarbeida beredskapsplanar for Flora Turlag, og denne vart revidert i 2018 og oppdatert i 2019.

MERKENEMD

Astrid Breiland Eliassen er ansvarleg for merkenemda.

Årebrot/Villevika til Grytadal

Denne løypa har Arnfrid Bergheim og Astrid Breiland Eliassen deltatt på 2 befaringar. Dette er for å best mogleg å ta vare på den merka T – ruta som anleggsveier kryssar i forbindelse med vindkraft utbygginga på Guleslettene. Det vil bli større parkeringsplass på den nedre parkeringsplass, og på den øvre parkeringsplassen legg utbyggingar til rette for parkering og serviceanlegg. Det vil bli sett opp to nye informasjonstavler - ei på kvar parkeringsplass.

Grøndalen til Blåbrebu

På brua oppe ved Blåbrebu er det sett opp rekkverk. Stigen opp til Ålfotbreen er byta ut med stigetrinn.

Hope - Gjeugnabu

Frå parkeringsplassen på Lunne og opp til Lavesteinen er traseen utbetra med midlar frå Ålfotbreen Landskapsvernområde og arbeidet er utført av Bygdeservice AS som folk frå området.

Informasjonsskilt

Informasjonsskilta som Flora Turlag og Flora Kommune samarbeide om er komne opp ved Omsorgssenteret, Torvmyrane og Brandsøy Parkering. Det manglar å få på nokre skilt i

Brandsøyåsen - det blir gjort når tilrettelegginga av stien er ferdig. Flora Turlag har fått tildelt midlar til tilrettelegging på stiane ved Dagsturhytta. Samarbeidet blir som i Brandsøyåsen med kommunen.

Anna

Brua ved Strømsnesstøylen må utbetrast.



På synfaring i Grytadalen. Foto: Arnfrid Bergheim

TURBØKER

Turlaget har 15 turbøker plassert i kasser sponsa av lokalt næringsliv. I 2019 var besøkstalet totalt **53 567**, medan det i 2018 var totalt 53 787. Det gir ein nedgang på 220 turgåarar. I 2019 var igjen Brandsøyåsen det mest besøkte turmålet med om lag 43 500 registrerte turgåarar. Sjå tabell for oversikt over besøk.

Turmål	Opptelling 2019 - dato	Opptelling 2018 - dato
Brandsøyåsen	43 466 - 02/11	43 934 - 01/11
Terdalskeipen	711 - 20/10	886 - 27/10
Haukånipa	200 - 23/09	215 - 06/11
Klauekeipen	355 - 20/10	252 - 28/10
Hatlesetnipa	2 708 - 13/10	2 729 - 12/10
Slettevarden	54 - 16/10	321 - 28/10
Uførefjellet	1 147 - 26/09	875 - 20/10
Middagsnipa	89 - 10/10	102 - 20/10
Snøfjellet	38 - 22/09	32 - 10/11
Hovlandsstølen	3 469 - 23/09	3 056 - 28/10
Flatenipa	142 - 21/09	142 - 10/11
Endestadnipa	137 - 27/09	244 - 14/10
Store Batalden	541 - 23/09	612 - 11/11
Stølsvatnet	166 - 03/11	110 - 01/11
Høydalsnipa	344 - 22/09	275 - 16/10

GRENDALAGA SINE TURBØKER

Turlaget har dei fem siste åra registrert besøkstala for grendalaga sine turbøker. I 2019 var besøkstalet totalt **11 153**, medan det i 2018 var totalt 9 794. Noko som gir oss ei auking på 1359. Se tabell under for oversikt over besøk.

Turmål	Opptelling 2019 - dato	Opptelling 2018 - dato
Strandanipa	679 - 21/09	569 - 11/10
Eikefjordstøylen	3302 - 16/10	2485 - 28/10
Nipevatnet	501 - 23/09	504 - 28/10
Ramsdalsnipa	844 - 25/09	445 - 11/10
Blånipa	287 - 23/09	282 - 28/10
Kvalvikstøylen	149 - 10/10	135 - 28/10
Litevatnet	490 - 25/09	221 - 27/10
Midtbøstølen	289 - 02/11	271 - 06/11
Frishatten	123 - 02/10	170 - 28/10
Vemannsrøysa	288 - 01/11	389 - 08/11
Høgenipa	437 - 27/09	325 - 14/10
Hovdestranda	195 - 01/11	108 - 08/11
Kvanhovden	289 - 01/11	366 - 08/11
Domba	131 - 01/11	128 - 08/11
Ragnhildhågen	395 - 02/11	507 - 22/10
Vardehågen	655 - 02/11	738 - 22/10
Storehågen	500 - 02/11	567 - 22/10
Storefjellet	442 - 01 /11	293 - 28/10
Vasslifjellet	514 - 01/11	449 - 28/10
Harefjellet	445 - 01 /11	497 - 28/10
Håsteinen	198 - 26/09	228 - 16/10
Børa		117 - 24/11

TURTRIMMEN

Turtrimmen 2019 er eit samarbeid med Flora Kommune.

Turmåla varierer rundt i kommunen på land og på øyane. 60 vaksne og barn leverte skjema som stadfesta deltaking i 2019, mot 47 i 2018. I år har ein kunne nytta Sjekk-Ut appen.

I år har vi premiært med ei gratis overnatting på ei valfri hytte til alle som har fullført samtlege turpostar, og til tilfeldige vinnarar ved alle turgruppene. Vi har også trekt vinnarar blant dei som har gått minimum 8 turar, og ungane som har vært med på tur. Desse får DNT sokkar og lue.

HYTTENE

Blåbrebu

Tilsynsmann: Stig Solheim. Følgende er gjort av dugnadsarbeid på Blåbrebu i år:

- Snurredass installert, gammel do tømt og demontert, nytt gulv på do.
- Oppdatert solcelle panel og diverse utstyr. (kan nå lade mobiltelefoner)
- Kledning skiftet på sør vestre vegg og sikringsbu og beiset
- Gammalt solcelle panel flyttet til sikringsbu
- 3 mål med ved flydd opp
- Rydda og fjerna gammalt boss / vindu og deler av gamle doen.
- En del av løypa er merket opp og ryddet.
- Nytt rekkverk på bru.
- Ny radio

Gjegnabu

Tilsynsmann: Martin Mettenes. Dette er gjort av dugnadsarbeid på Gjegnabu i år:

- Montert ny pipetopp.
- Montert ny dør med ekstra låsing. Bygd plattning foran dør.
- Tak og vegger beiset inkludert utedo.
- Sør østre hjørnet igjen kledd ned mot bakken
- Støpt nytt gulv i inngangsparti og verktøyrom
- Ny beskyttelses dør foran hoved inngangsdør
- Tiltak iverksatt for å hindre snø inn trenging gjennom ventiler.
- Utedo tømt
- Rengjøring, tørking og klargjøring av hytte etter vinteren
- Vedovn reparert etter skade
- Nytt batteri installert i solcelle anlegg
- Bensinaggregat brakt opp og lagra inne.



Her frå Gjegnabu. Foto: Marie Brøvig Andersen/UT.no

Kinn

Dagleg drift og vedlikehald gjennomført.

Signe Nordvik og Marit Linda Espeseth har ansvar for dagleg drift.

Grytadalsbu

Det er gjort avtale med grunneigar om at hytta vil bli stengt. Hytta takast ut av porteføljen i 2020.

HYTTEBESØK

		19	18	17	16	15	14	13		19	18	17	16	15	14	13
Gjegnabu	Overnatting	104	110	42	62	123	166	122	Dagsbesøk	14			25	7	7	7
Blåbrebu	Overnatting	69	106	63	95	**	104	42	Dagsbesøk	21	58	9	16		14	30
Kinn	Overnatting	192	175	168		216	25		Dagsbesøk	133		99		40		
Totalt		365	391	273	157	339	295	164		168	58	108	41	47	21	37

Ved tala for 2019 er Gjegnabu sist oppdatert 24/09 og Blåbrebu sist oppdatert 20/07.



Mange dugnadstimar går med til å gjere hyttene våre enda betre. Her frå Blåbrebu og Kinn. Foto: Astrid Breiland Eliassen/ Kinn Sokneråd

DUGNADSTIMAR

Det blir kvart år lagt ned betydeleg med dugnadstimar. Vi har her forsøkt å få ned eit estimert tal timar for dei ulike områda i turlaget. Vi tar atterhald om at talla kan variere noko.

Turleing/arrangement/kurs: 1200 timar

Hyttene: 501 timar

Møter og administrasjon: 500 timar

Facebook, heimesida/nettsida, UT.no og SjekkUT: 600 timar

Tysdags og onsdagsturar inkludert padleturar: 700 timar

Torsdagsturar: 600 timar

Varding og merking: 40 timar

Måndagsturar: 120 timar

Totalt har det vore 16 personer som har deltatt i dugnaden på hyttene i 2019. Ingen nemnt og ingen gløymd, men en stor takk til alle som har vært frivillig!

NATURVERNARBEID

Vi har arbeida med dette ifølge handlingsplan 2019 – Naturforvaltning.

Vindturbinar Guleslettene

FT ved Astrid Breiland Eliassen og Arnfrid Bergheim har deltatt på to synfaringar saman med Fishguard/STIM ved Jan Arne Holm, grunneigar ved Anne-Karin Kleiven Rynning og utbygger T Stangeland Maskin ved Ovar Risa. Fokus var anleggsvegen som kryssar FT sin T-merka og varda tursti på fire konkrete plassar: Grytadalen til Villevika (Årebrotet). Det er plan om fleire synfaringar.

Ålfotbreen – tilrettelegging

Ved Hope – Lavesteinen. Oppgradering av stien frå parkeringsplassen på Lunne til Lavesteinen er godt i gong. Ved Blåbrebu og opp til Ålfotbreen er det satt opp stigetrinn. Informasjonsskilt blir sett opp.

Dag Eliassen vart valt på Årsmøtet 2018 som vår representant i Ålfotbreen Landskapsvernområde - Rådgvjende utval. Flora Turlag var representert på møtet i Rådet for Ålfoten landskapsvernområde. Møtet ble holdt på Kleppenes Gard i Hyen 19/10-2019.

Det er oppretta eit råd til landskapsvernområdet bestående av grunneigarar og andre naturlege interessenter. Flora Turlag var representert saman med andre lokale turlag.

Hyttene våre er av stor betydning for å tilrettelegge for ferdsel i området. Flora Turlag orienterte om vedlikehaldet på Blåbrebu og Gjegnabu, samt kva for tankar ein har om ordinær drift og nye tiltak. Hyttene har kapasitet til fleire besøkande og utbering av stiane er viktig. Stien til Gjegnabu er allerede under utbedring for landskapsvernområdet sine midler. På Gjegnabu er det krav om sikringsbu. Bygningsmessige regler blei også diskutert.

For meir informasjon sjå linken: <http://www.nasjonalparkstyre.no/Alfotbreen/>

TURLEIARAR

Desse har autorisasjon som turleiarar:

Vinterturleiar : Stig Solheim, Kjetil Tveranger og Kolbjørn Hovland.

Sommarturleiar : Dag Eliassen, Alvdis Solvang, Terje Grøneng, Kari Nordvik Hauge, Signe Nordvik, Lisbeth Ingvaldsen og Kolbjørn Nybø.

Grunnleggande: Sissel Strømmen, Trygve Nybø, Ane Eliassen, Marit Linda Espeseth, Martin Hauge, Jofrid Sundal, Terje Heggheim, Siri Stavang, Idun Jansen, Anders Myklebust, Eilif Bjerck og Arnfrid Bergheim.

Nærmiljøturleiar: Hilde Bjerck Reksten, Astrid Breiland Eliassen, Kristian N Berentzen, Ingrid Eikerol Bareksten, Laila Anita Schønhart, Terese Eikefjord, Gyda Folkedal, og Toralf Otnes.

DNT-AMBASSADØRAR

Flora Turlag har 21 ambassadørar.

Alle, medlemmar og ikkje-medlemmar, blir invitert til Ambassadørkurs. Nokre av kursdeltakarane blir med vidare i laget som frivillig eller turleiar.

GODE SAMARBEIDSPARTNARAR – Ein stor takk til dykk alle

På våre aktivitetstilbod får vi ofte med oss lokale kjentfolk. Mange tek kontakt og ønskjer at turlaget skal gå tur i deira nærrområde. I tillegg er Florø Skyssbåt AS og Fjord1 er ein god samarbeidspart i samband med leige av båt til Øyane Over og dei mange øyturane våre. Turtrimmen er eit samarbeid med Folkehelsekoordinator i Flora Kommune. Flora Kommune har også ansvaret for oppgradering av stiar i Brandsøyåsen og frivillige frå turlaget har jobba dugnad på dette prosjektet.

Vi har og eit godt samarbeid med Hovden og Bareksta Grendalag om Hovdendagen. Vi har samarbeida med Kinnaspelet og tur for Barnas Turlag, samt samarbeid med Kinn Sokneråd vedrørende Skulehuset på Kinn.

Fjordkysten har arbeida for å marknadsføre våre aktivitetstilbod til besøkande og turistar, i tillegg sel dei Turboka. Saman med Eikefjord Idrettslag har vi arrangert Støylsvandring på Kom-Deg-Ut dagen i år. I tillegg fekk i artikkel i ”Eikefjordingen”.

På Opptur arrangementet i år var vi så heldige å få frukt av Kiwi.



**Vi vil rette ei stor takk til alle frivillige som gjer ein glimrande
dugnadsinnsats for turlaget!**

Heidi Humlestøl Aasen
Styreleiar

Anders Myklebust
Nestleiar

Sunniva Geithus
Kasserar

Karen Sæten Nilsen
Sekretær

Arnfrid Bergheim
Styremedlem

Siv Grov
Styremedlem

Jens Batt-Jansen
Varamedlem

Kari-Anne Melvær Strømmen
Varamedlem